

**Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Moa vest - Daaevegen - gbnr. 25/183
- Høyring i råda****Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Bjørn Arild Hatlem

E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 24/13017

Journalpost: 26/84269

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
023/26	Eldrerådet	02.09.2026
030/26	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	02.09.2026
	Ungdomsrådet	

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.


Saksgang:

Ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er mellom organa som får saka til høyring. På grunnlag av høyringssvara blir det laga ei sak til 2. gongs behandling i planutvalet. Den saka blir eventuelt sendt vidare til kommunestyret for sluttbehandling.

Samandrag:

Planforslaget skal legge til rette for ei utbygging med bustader, forretning, tenesteyting, kontor og hotell/overnatting.

Norconsult har utarbeidd planforslaget på grunnlag av ein studie og eit illustrasjonsprosjekt (første bildet nedanfor) frå JAJA architect over kva som kan vere mogleg å gjere.



Grunnkart, planområdet avgrensing er markert med rød, stipla linje.

▲ Nord - Ikke i målestokk

Saksopplysningar:

Planforslaget gjeld utvikling av eit område på Moa, avgrensa av Borgundvegen, Langelandsvegen, Furmyrvegen og Daaevegen.

Føremålet med planen er å legge til rette for ei meir bymessig utbygging med bustader, forretning, tenesteyting, kontor og hotell/overnatting. Planen legg også opp til uteområde, leike- og opphaldsareal, gangveg gjennom området og parkering under bakken.

Norconsult Norge AS har utarbeidd planforslaget. Planutvalet behandla saka i møte 02.06.2026 og vedtok, med heimel i plan- og bygningslova § 12-10, å sende forslag til detaljregulering for Moa vest – Daaevegen – gbnr. 25/183 på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Planforslaget er konsekvensutgreidd. Verknader for mellom anna støy, trafikk, byform, klima og barn og unge sine interesser er vurderte. Saksframlegget til førstegongsbehandlinga i planutvalet gir nærare omtale av desse forholda.

Nokre av dokumenta i saka ligg ved denne høyringa. Alle saksdokumenta er tilgjengelege i høyringsperioden på kommunen si heimeside: [Offentleg ettersyn - Detaljregulering for Moa vest - Daaevegen - gbnr. 25/183 - Ålesund kommune](#)

Vurdering:

Med utgangspunkt i kvar sine mandat kan råda for eksempel vurdere om planforslaget i tilstrekkeleg grad tar omsyn til:

- tilgjenge og universell utforming
- trygg ferdsel for gåande og mjuke trafikantar
- kvaliteten på ute- og opphaldsareal
- omsynet til barn og unge, eldre og personar med funksjonsnedsetting

Høyringsfristen er sett til 08.09.2026

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Dok 01_Plankart_02_Detaljregulering Moa Vest
2. 01_Vedtak og saksframlegg
3. Dok 02_Reguleringsbestemmelser_03_Detaljregulering Moa Vest
4. Dok 03_Planbeskrivelse_03_Detaljregulering Moa Vest
5. Dok 04_Overordnet utomhusplan_03_Detaljregulering Moa Vest
6. Vedlegg 01_Sammenstilling KU-tema_01_Detaljregulering Moa Vest
7. Vedlegg 06_Fagrapport - Barn og unges interesser_01_Moa Vest
8. Vedlegg 07_Fagrapport-Trafikkanalyse_01_Detaljregulering Moa Vest